



Notat

Dato: 24.04.2017
Arkivsak: 2015/11453-86
Saksbehandlar: adelan

Til: Hordaland fagskulestyre

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Kunngjering om søknad på utviklingsmidlar for fagskular

15. mars 2017 kunngjorde Kunnskapsdepartementet tilskotsordninga om utviklingsmidlar for fagskular (sjå vedlegg). Utviklingsmidlane i 2017 vil verte tildelt prosjekt og tiltak som bidreg til bruk av teknologi for læring i utdanninga og eingongsinvesteringar i utstyr, infrastruktur, simulatorar ol. Søknadsfrist er 12. mai 2017, og det er skuleeigar som skal vere ansvarleg for søknad.

Opplæringsavdelinga arbeider med to søknader i samarbeid med Fagskolen i Hordaland. Den eine søknaden omhandlar utstyr til nettundervisning og kompetanseheving i samband med nytt utstyr. Dette er i tråd med tilsyn av nettbaserte tekniske fagskuleutdanningar som peikar på at fagskulane må investere i nytt utstyr til nettundervisning og kompetanseheving blant tilsette.

Den andre søknaden er knytt til sak om investeringsmidlar i 2017 som skal handsamast i fylkesutvalet 03./04. mai, der innstillinga er å tildele Fagskolen i Hordaland midlar til å dekkje 50 % av kjøpssummen til ein test- og simulatorbenk på 6 mill. (sjå protokoll: <http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbld=9289&caseType=Protokoll®istryEntryId=349381>). Dersom fylkesutvalet vedtek denne investeringa, vil det verte sendt søknad til Kunnskapsdepartementet om 50 % finansiering av denne simulatoren.